



2 MAR 2011

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200907301-7/831/LISADL

Dykkar ref.:
09/1312-AML

Bergen, 28. februar 2011

Høyringsuttale - forslag om endring av vegtrafikkloven § 40 a andre ledd og forslag til ny forskrift om krav til særlege sikringstiltak ved skoleskys i buss

Me viser til dykkar høyringsutkast i brev av 23.12.10.

I Hordaland er rutebussdrifta sett ut på anbod, organisert gjennom ei oppdeling i pakkar etter geografiske område, og med ulike oppstartstidspunkt. Innan utgangen av 2012 vil dette omfatte heile fylket, og denne delen av kollektivtransporten vil då vere regulert gjennom bruttokontraktar der fylkeskommunen sit med inntektsrisikoen. I anbodskontraktane er det ikkje eksplisitt sett krav til setebelte i alle bussar, men gjennom krav om gjennomsnittsalder på bussane har dei fleste køyretøya dette. For rutebusskøyringa i Bergen kommune er det lagt til grunn at det skal vere bussar i kategorien klasse I, og i desse bussane er det ikkje setebelte.

Konsekvensar av ny forskrift for fylkeskommunen

Ettersom det ikkje er sett krav til at fylkeskommunen må øymerka seter for å sikra elevane sitjeplass på ruter som går inn i det ordinære rutesystemet, men berre har ei plikt til å dimensjonere skysstilbodet er det vanskeleg å seie korleis dette vil påverke kostnadsaspektet samanlikna med det som fyrst var lagt til grunn. I Hordaland er det ei rekkje ruter der både skuleborn og andre reisande må stå på bussane. Det inneber at det nye pålegget vil gje meirkostnader for fylkeskommunen. Omfanget av dette er uklart. På same vis kan ei auke i bussdimensjoneringa i haust/vinter halvåret for å sikra at elevane ikkje må nytte ståplassar, også gje ein omfattande meirkostnad for fylkeskommunen.

Ei forskrift med krav om særskilte sikringskrav ved skulekøyring i buss vil gje ytterligare krav om oppgraderte bussar i kommande anbodskontraktar (neste anbodsperiode), noko som kan føre til at talet på vogner og storleiken må endrast. Departementet legg opp til at forskrifta skal gjerast gjeldane frå skuleåret 2015/2016. Anbodspakkane for bussruteproduksjon i Hordaland har ulike tidsrom, og følgjande pakkar har utløpsdato innan skuleåret 2015/2016:

Rutepakke	Avtaleperiode	Opsjonsår
Austevoll	01.01.2008 – 31.12.2012	0
Sunnhordland	01.07.2008 – 01.07.2015	2
Hardanger	16.08.2008 – 15.08.2015	1
Voss	16.08.2008 – 15.08.2015	1

Pakkane for Sunnhordland, Hardanger, Voss og Modalen/Vaksdal kan kome innunder den nye forskrifta dersom opsjonane vert løyst ut.

Pakkane som har utløpsdato etter skuleåret 2015/2016 er følgjande:

Rutepakke	Avtaleperiode	Opsjonsår
Nordhordland	16.08.2009 – 15.08.2016	1+1
<i>Bybanen i Bergen</i>	<i>22.06.2010 – 01.07.2017</i>	<i>1+1</i>
Bergen sør	16.08.2010 – 30.04.2017	1+1
Osterøy	01.03.2011 – 28.02.2018	1+1
Bergen nord	01.10.2011 – 30.09.2018	1+1
Bergen sentrum	01.12.2011 – 30.11.2018	1+1
Vest (Askøy og Sotra)	25.06.2012 – 24.06.2019	Perioden 25.06.2019 – 30.11.2019 + 1

Dersom innføringa av forskrifta vert gjort gjeldane frå august 2015 slik departementet no legg opp til, kan det få store konsekvensar for avtalane som Hordaland fylkeskommune har inngått med dei ulike bussoperatørane i fylket. Dersom alle opsjonane vert løyst ut vil det berre vere ein av dei ti anbodspakkane som ikkje vil få endra vilkår i avtaleperioden gjennom innføring av ny forskrift.

Hordaland fylkeskommune vil difor be om at forskrifta vert gjort gjeldane suksessivt i dei ulike anbodspakkane. Med det foreslår me at forskrifta først får verknad ved ny kontraktinngåing i andre anbodsperiode.

Regulering i høve til kommunane sitt skyssansvar etter opplæringslova

Slik me ser det så vil det ikkje ha nokon vidare konsekvensar at kommunane er halde utanfor den nye forskrifta.

Transporten som kommunane har ansvar for vil i hovudsak bli utført med bussar i rute som fylkeskommunen har ansvaret for. Slik me forstår forskrifta må ein difor dimensjonera for desse elevane som reiser fast. Sporadiske turar vil ikkje kome inn under dimensjoneringsplikta.

Økonomiske konsekvensar av ny forskrift

Som nemnt over vil den nye forskrifta gje auka kostnader for fylkeskommunen. Me legg til grunn at ved lovpålegg av fleire oppgåver/tiltak, og med det eit auka ansvarsområde for fylkeskommunen, fordrar det større overføringar frå staten for å kunne utføre desse på ein tilfredstillande måte.


Rolf Rosenlund
e.f.


Lise Adlandsvik